

# Praksisplan

# Motland skule



Innhald:

Helsing frå rektor

Praktisk informasjon

Kart

Plan for første dag

Nøkkelpersonar og kontaktinformasjon

Rammer og timeplan

Forventningar

Ordensreglar

## Helsing frå rektor

### Velkommen til praksisperiode på Motland skule

Det er med stor glede me ønskjer deg velkommen som student på vår skule. Me gler oss til å bli betre kjent med deg!

Motland skule er ny som praksisskule, og me ønsker å utvikle oss til å bli ein god plass for studentar å vere. For å lukkast med dette, treng me di stemme. Me har lyst til å lære og utvikle oss saman med deg!

Praksis er ein viktig del av utdanninga som du har valgt. Me ønsker at du skal kjenne på ein tilhørighet og oppleva tryggleik på skulen. Dette er viktig for at du skal lukkast med di eiga utvikling. Me vil i størst mogleg grad saman med deg, sikre deg ei gradvis innføring i dei ulike sidene i arbeidet som lærar, slik at du er best mogleg førebudd til å starte på yrket som lærar.

For å kunne gje deg ein best mogleg praksisperiode som er tilpassa dine behov og ønskjer, treng me eit godt samarbeid. Dette gjeld både mellom deg og din praksislærar, i praksisgruppa, og med resten av personalet på skulen. Ditt bidrag inn i eit godt samarbeidet er viktig!

Motland skule har ein visjon som omfavnar både elevar, tilsette og deg som student "ME VIL LÆRA MEIR". ME visar til fellesskapet, tilsette, studentar og elevar, VIL er motivasjon, LÆRA er kunnskap for liten og stor, og MEIR, står for å sjå framover.

Lykke til!

PS. Hugs at døra mi er open også for deg!

Helsing  
Synnøve Helleren Malmin  
Rektor



## Praktisk informasjon

Motland skule er ein av to barneskular på Nærbo i Hå kommune. Den er plassert sentralt og dei aller fleste elevane bur på byggefelta kring skulen og har kort skuleveg. Fugleparken ligg like ved skulen og blir ofte nytta til ulike læringsaktivitetar, leik, kroppsøving og lufteturar. Ellers kan ein raskt nå både Vitengarden Jærmuseet og Loen idrettsanlegg til fots eller med sykkel.



*Motland skule, med den eldste delen av bygget (t.h.) Den nye delen vart bygd i 2007.*



*Uteområdet har blitt oppgradert med stadig nye leikeapparat etter kvart som åra har gått*

Motland har kantine der elevane et lunsj i lag. Dei kan abonnere på mat, mjølk og frukt og treng ikkje smøre med nistepakke. I praksisperioden er du som student velkommen til å delta i denne matordninga.

Vi har ein lang tradisjon med å samle heile skulen til fellessamling i aulaen ein gong i månaden. Då har trinna ansvar etter tur for innhaldet som skal representere litt av

det dei har lært på skulen. Både å opptre og å vere publikum er høgdepunkt for mange i skulekvardagen.

Vi er stolte av skulebiblioteket vårt, som er oppdatert og innreia på ein måte som innbyr til leselyst. Bibliotekar Ann-Merete er alltid på tilbudssida og har gode lesetips. Ta gjerne turen innom!

At du opplever å bli inkludert i lærarfellesskapet i praksisperioden, er viktig for oss. Ta pausar på personalrommet, hels og snakk gjerne med dei du møter! Ver aldri redd for å spør om alt du lurer på, og ta gjerne initiativ til å bli med i andre klassar eller på eit undervisningsopplegg du er interessert i. Vi vil at du skal få breiast mogleg kjennskap til alle delane av skulen og lærarjobben. Vi ser deg som ein nyttig ressurs og er interessert i dine observasjonar og innspel! Dessutan ligg det mykje trivsel i ein god “kaffidrøs”!

Tysdagar er du velkommen til å delta på lærartrim med innebandy i gymsalen. Alle nye tilskot på banen blir mottatt med takk!



*Engasjert publikum på fellessamling*



*Skulebiblioteket har mykje kjekt å by på.*



*Innebandy-gjengen i storform etter seier i årets turnering.*



*Ragnhild på kontoret har svar på det meste.*



Skulemat i kantina, her frå storfint besøk av Hadia Tajik som var med og serverte elevane.



Fugleparken (Nærbøparken) er nærmeste nabo til skulen.



Motlandselever har mange gode opplevingar med seg frå Jærmuseet.



I Loen kan du både symje, drive ballsport, kunstløp og ishockey.



## ME VIL LÆRA MEIR!

På Motland skule er vi forankra i kommunen sin visjon om at “me løfter i lag”, og vi arbeider for at den jærske haldninga til dugnad og arbeid skal prege skulekvardagen og læringa. Vi legg vekt på verdiar som inkludering og samarbeid mot felles mål. I utviklingsplanen vår slår vi fast at på “Motland skule er elevane inkluderte, motiverte og læringsglade.” Gjennom visjonen vår: “Me vil læra meir!”, forsøker vi å formidle noko av dette. (Sjå gjerne Motland sin musikkvideo med skulesongen vår: [Me vil læra meir!](#))

Hausten 2022 er det om lag 370 elevar og 50 tilsette på Motland skule. Elevane på kvar base er fordelt i to store klasserom. I tillegg får dei undervisning i grupperom og spesialrom. Det er 15-20 elevar i kvar kontaktlærargruppe, men læraren underviser som regel heile klassar på 25-30 elevar (saman med ein annan lærar og/eller fagarbeidar).


Skuledagen for elevane startar 08.20 og er slutt 14.00. Tysdag sluttar alle elevane tidleg (1.-4. trinn 10.50, 5.-7. trinn 11.05). 1.og 2. klasse sluttar i tillegg kl. 10.50 på torsdagar.

Kvar elev har eigen **Chromebook** og vi brukar Google **Classroom** som hovudplattform for skulearbeid og lekser. Motland brukar **nynorsk** som målform.

Motland skule si adresse er **Parktræet 7**, 4365 NÆRBØ. Telefon: **51 79 83 80**.  
Skulen ligg berre fem minutt gange frå togstasjonen.



STORE NORSKE LEKSIKON



## Plan for første dag

- Oppmøte kl. 07.30. Rektor og praksislærar møter deg ved hovudinngangen til skulen.
- Velkomstmøte med rektor og praksisgruppa. Underskrift av teieplikt.
- Møte med praksislærar. Du får utdelt arbeidsplass og gruppa får eit eige grupperom.
- Du får utdelt lærebøker og timeplan. Saman utarbeider vi ein praksisplan, der observasjon, undervisning og ulike møte blir timeplanfesta. Første dag vil bli ein del observasjon så du kan gjere deg kjent med skulen, basen, elevar og lærarar.
- Tilgang til, og innføring i Classroom og andre aktuelle ressursar som er nye for deg.
- Observasjon i klassen.

## Nøkkelpersonar

Rektor	Synnøve Helleren Malmin	smal@skule.ha.no
Kontor	Ragnhild Åmodt Tveit	rtve@skule.ha.no
Praksislærar	Bergljot Gausland Aunet	bgau@skule.ha.no
Praksislærar	Gjertrud Vatne	gler@skule.ha.no
Praksislærar	Linda Braut Rødstøl	lbra@skule.ha.no
Praksislærar	Ellinor Aasbø Jess	eaje@skule.ha.no
IKT-ressurs	Sven Jørgen Ledaal	h220491@skule.ha.no
IKT-ressurs	Per Morten Jørgensen	pjor@skule.ha.no
Lagleiar	Øyvind Kvivær Leidland	olei@skule.ha.no
Lagleiar	Beate Bratland	bund@skule.ha.no

# Forventningar

## Kva kan du forvente av oss?

På Motland kan du forvente å kjenne deg velkommen i kollegiet og klasserommet. Vi ønsker å strekke oss langt når det gjeld å gje rom og tid for det du lurer på og treng å jobbe med for å utvikle deg i lærarrolla. Vi vil forsøke å gjøre vårt for at du skal oppleve å lukkast i undervisningssituasjonane. Du kan forvente at vi lar deg sleppe til og får prøve deg, og at prøving og feiling er lov og nødvendig for læring. Vi er fleksible med tanke på individuell tilpassing av din praksisperiode, og vil vere med å legge til rette for alt som er relevant for deg i di læring. Vi vil sjølv sagt følge universitetet sin plan for praksis, vurdering og evaluering.

## Kva forventer vi av deg?

Vi forventer at du er godt førebudd til undervisninga, at du møter presis og held avtalar som gruppesamtalar og evalueringsmøte. Ved fråvær, ring praksislærar så tidleg som mogleg og seinast 07.45 den dagen det gjeld. Du blir bedt om å skrive under på avtale om teieplikt, og vi forventer at du overheld denne, i praksisperioden og i etterkant.

Elevane brukar ikkje mobiltelefonen i skuletida, og vi forventar at du og unngår å bruke mobilen i klasserommet og saman med elevane (unntak dersom det er nødvendig i undervisninga). Vi forventer at alle studentar kler seg passande for lærarrolla. At du deltar i felles planlegging som trinntid og lagmøte er sjølv sagt. Ei god haldning til arbeidsoppgåvene og din eigen læringsprosess, der du engasjerer deg og tar ansvar, er noko vi både forventer og anerkjenner.